

Íslendingabók, ættar tala og konunga ævi

Av Else Mundal

Forholdet mellom den første, tapte *Íslendingabók* (*Íslb*) og den bevarte *Íslb* er eit spørsmål som har vore så mykje diskutert mellom norrønfilologane at ein knappast skulle tru der er meir korn å finne i så uttreska halm. Når eg likevel vil treske gjennom denne halmen enno ein gong, så er det fordi eg trur det faktisk er mogeleg å tyne enno litt meir kunnskap ut av det overleverte materialet.

Sidan det er skrive så mykje om *Íslb* tidlegare, er det vanskeleg i ein kort artikkel som denne å yte rettferd mot tidlegare forskarar og drøfte synspunkta deira så inngåande som det var ynskjeleg. Det er freista å råde bot på dette ved å vise til litteratur som gjev ei fyldig omtale av syna og argumenta til tidlegare forskarar.¹

Når det gjeld forholdet mellom den første, tapte *Íslb* og den bevarte *Íslb*, er der mange usikre spørsmål. Eit av desse spørsmåla gjeld forholdet mellom *Íslb* og *Ættar tala* (*Æt*) og *Konunga ævi* (*Kæ*).² Er *Æt* og *Kæ* å forstå som delar av den første, tapte *Íslb* – som dei aller fleste forskarar har meint. Eller er *Æt* og *Kæ* tvert imot noko Ari skreiv parallelt med den bevarte *Íslb*?

Når dette i det heile vart eit omdiskutert spørsmål, så var det på grunn av ordlyden i Aris eigen prolog til den bevarte *Íslb*. Her gjev Ari nemleg følgjande tvetydige opplysning:

ÍSLENDINGABÓK gørða ek fyrst byskupum órum, Þorláki ok Katli, ok sýndak bæði þeim ok Sæmundi presti. En með því at þeim líkaði svá at hafa eða þar viðr auka, þá skrifaða ek þessa of et sama far, fyr útan áttartölu ok konunga ævi, ok jókk því es mér varð síðan kunnara ok nú es gerr sagt á þessi en á þeiri.³

Om *Æt* og *Kæ* har stått i den første *Íslb* og er tekne ut i den bevarte, eller om *Æt* og *Kæ* tvert imot er skrivne etter at Ari synte den første *Íslb* til bispene og Sæmundr fróði, er avhengig av korleis ein tolkar *fyr útan*.

Den første som tok opp dette spørsmålet, var Árni Magnússon. Han tolka

fyr *útan* slik at innhaldet i passusen vart at Ari seier at han etter å ha synt den første *Íslb* til dei kyrkjelege autoritetane, skreiv ei ny og auka utgåve. Og *dessutan* skreiv han etter dette *Æt* og *Kæ*.⁴ Etter denne tolkinga har det aldri funnest noka *Íslb* som har innehalde dei to nemnde delane. Dei vert tvert imot sjølvstendige verk som vert sidestilte med *Íslb*. Desse to verka var etter Áрни Magnússonss syn *Landnáma* og eit verk om norske kongar.⁵

Når eg no tek opp att dette spørsmålet, er det fordi eg trur det er mogeleg å føre fram nye argument for den gamle tolkinga til Áрни Magnússon.

Isolert sett er denne eldste tolkinga av innhaldet i Aris prolog svært så logisk, for det står i prologen ingen ting om at bispane og Sæmundr fróði ynskte at Ari skulle ta noko ut. Tvert imot står det: *En með því at þeim líkaði svá at hafa eða þar viðr auka,...*⁶ Dersom dei autoritetane Ari viste boka til, hadde ytra ynske om at Ari skulle ta ut delar av verket, så er det påfallande at Ari uttrykkjer seg som han gjer. Og dersom han tek ut desse delane på eige initiativ, så er det påfallande at han fortel at han tek dette ut i same andraget som han fortel at dei kyrkjelege autoritetane ville at boka skulle vere som ho var eller aukast. Også setninga: *ok nú es gerr sagt á þessi en á þeiri*⁷ – høver best saman med den tolkinga av heile utsegna som går ut på at *Æt* og *Kæ* ikkje stod i den første *Íslb*. Dersom (store?) delar av den første *Íslb* er tekne ut i den bevarte, så lyder det unekteleg noko merkeleg at det er fortalt utførlegare (*gerr*) i den siste utgåva enn i den første. Men utsegna er ikkje umogleg. Ho kan tolkast – og har vore tolka – slik at om dei emna det er fortalt i den siste, er det fortalt utførlegare enn i den første. Men heile passusen gjev ein langt betre indre samanheng om *fyr útan* vert tolka slik at ein slepp å rekne med at det har funnest to – større eller mindre – delar i den første *Íslb* som er tekne ut i den bevarte.

Når Áрни Magnússonss tolking for dei fleste forskarar har vore vanskeleg å godta,⁸ så er den viktigaste grunnen den at han tolka prologen i *Íslb* isolert, og ikkje såg han i samanheng med det Snorri Sturluson skriv om Ari og hans forfattarskap i prologen til *Den særskilde saga om Olav den heilage* og i prologen til *Heimskringla*. I prologen til *Heimskringla* står det m.a.:

Ari prestur inn fróði Þorgilsson Gellissonar ritaði fyrstr manna hér á landi at norrœnu máli frœði bæði forna ok nýja; ritaði hann mest í upphafi sinnar bókar frá Íslandz byggð ok lagasetning, síðan frá lögsgumþnum, hversu lengi hverr hafði sagt, ok hafði þat áratál fyrst til þess, er kristni kom á Ísland en síðan alt til sinna daga; hann tók þar ok við mörq qnnur dæmi bæði konungaæfi í Nóregi ok Danmörq ok svá í Englandi, eða enn stórtíðendi, er gork hofðu hér í landi, ok þykki mér hans søgn qll merkiligust; var hann forvitri ok svá gamall, at hann var fœddr næsta vetr eptir fall Haraldz Sigurðarsonar. Hann ritaði, sem hann sjálf segir, æfi Nóregs-konunga eptir sögu Oddz Kolssonar, Hallzsonar af Síðu,...

Det er klart at Snorri her omtalar berre ei bok av Ari: *i upphafi sinnar bókar...*¹⁰ Og samstundes kan det neppe vere tvil om at han har stoff frå Ari som ikkje står i den bevarte *Íslb*. Oddr Kolsson, som Ari sjølv nemner som ein viktig heimelsmann etter det Snorri seier, er ikkje nemnd i den bevarte *Íslb*. Det andre punktet som har vore drege fram som eit prov på at den boka av Ari Snorri nemner, ikkje er den bevarte *Íslb*, men eit noko meir innhaldsrikt verk, er at Snorri seier: *hann tók þar ok við mǫrg qnnur dæmi bæði konungaæfi í Nóregi ok Danmǫrk ok svá í Englandi, eða enn stórtíðendi, er gǫrzk hǫfðu hér í landi...*¹¹

I den bevarte *Íslb* er det rett nok nemnt kongar frå desse landa, også innanlandske hendingar som gjerne kan karakteriserast som *stórtíðendi*, står omtala. Ein kan likevel vanskeleg gjere noko anna enn å seie seg samd med Svend Ellehøj når han seier: «Det må anses for udelukket, at Snorri skulle have betegnet disse spredte bemærkninger som *konunga-æfi*.»¹² Ei mogleg forklaring på at det likevel er den bevarte *Íslb* Snorri har i tankane, kunne vere at slik utsegna står i konteksten, kan ho tolkast slik at Snorri siktar til hendingar Ari nyttar til tidfesting. Ordet *dæmi kunne* tyde på det. Om det var tilfelle, skal ein ikkje vente noko meir enn spreidde opplysningar. Men særleg rimeleg er dette ikkje. Snorri var kongesogeforfattar. Og den plass han har gjeve Ari i prologen, skulle tyde på at han ikkje berre såg på Ari som ein stor autoritet når det galdt kronologi, men at han også har vore ei viktig kjelde. Det kunne Ari ikkje vere dersom Snorri ikkje hadde kjennskap til meir litteratur om kongar etter han enn dei få og kortfatta opplysningane i den bevarte *Íslb*. Men det som i særleg grad kan støtte mistanken om at Snorri siktar til eit verk som fortel meir om kongar i Noreg, Danmark og England enn den bevarte *Íslb*, er at den heimelsmannen til Ari som Snorri nemner og som ikkje står nemnd i den bevarte *Íslb*, nettopp er oppgjeven som heimelsmann for «ævi Nóregskonunga». Dette er eit temmeleg sterkt indisium på at både namnet på denne heimelsmannen og forteljingane hans har stått i eit verk som ikkje er identisk med den bevarte *Íslb*. Heimelsmannen har ikkje tilfeldigvis falle ut i den bevarte *Íslb*, men er ikkje nemnd fordi det stoffet han var heimelsmann for, ikkje er med.

Spørsmålet er så om den boka av Ari som Snorri omtalar i prologen til *Heimskringla* og i prologen til *Den særskilde saga om Olav den heilage*, treng vere den første *Íslb*? Dette har dei fleste utan vidare gått ut frå sidan den karakteristikken Snorri gjev av innhaldet i den boka etter Ari som han kjenner, i det store og heile synest å stemme godt over eins med innhaldet i første del av den bevarte *Íslb*.¹³

Etter mitt syn finst det ei anna og like logisk løysing. Prologen i *Heimskringla* og i *Den særskilde saga om Olav den heilage* treng ikkje vise til

ei opphavleg *Íslb* med stoff – m.a. om dei norske kongane – som vart teke ut i den bevarte *Íslb*. Eg vil hevde det synet at Snorri i prologen til *Heimskringla* og i prologen til *Den særskilde saga om Olav den heilage* ikkje viser til den første bortkomne *Íslb*, men til ei bok / eit samlehandskrift som har innehalde *Íslb* (meir eller mindre identisk med den bevarte) og dessutan *Æt* og *Kæ*. Dersom prologane i dei to arbeida til Snorri ikkje viser til *Íslb*, men til eit samlehandskrift som har innehalde heile Aris produksjon, er det inga motsetning mellom det som står i desse prologane, og den tolkinga Árni Magnússon som den første gav av prologen til *Íslb*. Etter mitt syn er tolkinga til Árni Magnússon rett. Det Ari seier, er at han etter å ha vist *Íslb* til dei kyrkjelege autoritetane skreiv ei ny *Íslb* som i hovudsak var identisk med den første, berre noko auka sidan bispane og Sæmundr ynskte det; og *dessutan* har han (etter at han viste *Íslb* til dei kyrkjelege autoritetane)¹⁴ også skriva *Æt* og *Kæ*. Dette kan synast å vere eit ganske laust fundert syn som det kan vere vanskeleg å prove. Men eg vil i det følgjande likevel leggje fram argument for denne tesen.

Innleiingsvis i denne argumentasjonen vil eg kome med nokre tankar omkring tittelen på verket: *Íslendingabók*. Dersom Ari skreiv eit verk som også inneheldt forteljingar om norske, danske og engelske kongar, ville det då ikkje vere påfallande at han kalla dette verke *Íslendingabók*/*Libellus Islandorum*? *Íslendingabók* er eit godt og dekkande namn på den bevarte *Íslb*. Det ville også vere ein dekkande tittel på eit verk som inneheldt stoff meir eller mindre identisk med den bevarte *Íslb* og dessutan stoff som kunne karakteriserast som *ættar tala*. Men *Íslendingabók* er avgjort ikkje ein dekkande tittel på eit verk som inneheld forteljingar om norske, danske og engelske kongar.

Det Ari seier i prologen til den bevarte *Íslb*, er vel slik å forstå at også den boka han viste bispane og Sæmundr fróði, hadde tittelen *Íslendingabók*. Då vert sjølv tittelen på verket eit argument for at den opphavelige *Íslb* ikkje kan ha innehalde forteljingar om kongar av eit slikt omfang som det prologen i *Heimskringla* og i *Den særskilde saga om Olav den heilage* synest å tyde på.

Eit argument mot at den første *Íslb* kan ha innehalde forteljingar av noko omfang om kongar frå Noreg, Danmark og England, er det også etter mitt syn at eit verk med eit slikt innhald måtte verte eit merkeleg litterært misfoster. Kan ein eigentleg tenkje seg korleis forteljingane om desse kongane skulle vere innordna i verket? Skulle dette falle naturleg, måtte dei aktuelle kongane på ein eller annan måte gripe inn i den islandske historia. Det kan ein seie om nokre av dei norske kongane. Harald Hårfagre var konge på den tida landnåmet føregjekk, og Olav Tryggvason «fekk kristendomen innført på Island». Desse kongane er også kort nemnde i *Íslb* på ein heilt naturleg måte. Andre kongar er nemnde som støtte for kronologi. Men noko fyldigare og

meir sjølvstendige omtalar av kongar ville falle svært så unaturleg som inkorporerte delar av eit verk som i hovudsak elles var stort sett identisk med den bevarte *Íslb*. Om forteljingane om kongar stod som ein sjølvstendig og klart avgrensa del av verket – og at stoffet kunne skiljast ut med eit eige namn, *konunga ævi*, kunne i tilfelle tyde på det – ville det falle naturlegare.¹⁵ Men spørsmålet melder seg då igjen: Kvifor skulle det skrivast om norske, danske og engelske kongar i eit verk som fekk tittelen *Íslendingabók*? (Mot denne argumentasjonen kan dei som meiner *ættar tala* og *konunga ævi* stod i den første *Íslb*, sjølv sagt innvende at nettopp det som er nemnt ovanfor, var grunnen til at desse delane vart tekne ut i den andre utgåva.)

På grunn av ordlyden i prologen til *Heimskringla* og i prologen til *Den særskilde saga om Olav den heilage* har ein gått ut frå at Snorri kjende *Íslb* i ei utgåve som var ulik den bevarte og som inneheldt stoff som kunne karakteriserast som *ættar tala* og *konunga ævi*. Men anten Aris første *Íslb* verkeleg inneheldt desse delane eller ikkje, kor sannsynleg er det eigentleg at denne første *Íslb* vart sett i produksjon, dvs. avskriven?¹⁶ Den bevarte *Íslb* er i følgje prologen trass alt den *Íslb* som var slik bispane og Sæmundr fróði ville ha henne. Ho var det kanoniserte verket så å seie. Sjølv sagt kan ein tenkje seg at også den første *Íslb* som dei kyrkjelege autoritetane hadde merknader til med framlegg om endringar, vart sett i produksjon og avskriven før desse endringane vart gjorde. Dersom den vanlegaste tolkinga av *fyr útan* i prologen skulle vere rett, og den opphavlege *Íslb* inneheldt stoff som den bevarte *Íslb* ikkje har, så ville den opphavlege *Íslb* nettopp p.g.a. dette stoffet ha ei ekstra interesse i visse samanhengar. Det kunne vere ein grunn til at ho vart avskriven.¹⁷ Men det mest sannsynlege etter mitt syn er at den såkalla første *Íslb* aldri vart noko anna enn eit utkast som Ari viste bispane og Sæmundr.

I prologen til *Heimskringla* og i prologen til *Den særskilde saga om Olav den heilage* omtalar Snorri berre ei bok av Ari. Men i bae sogene finst det ei tilvising til Aris *bøker*. I kap. 179 i «Olavs saga» i *Heimskringla* står det med referanse til Ari: *svá sem hann hefir sjálfr sagt í sínum bókum ...*¹⁸ Ei liknande formulering står i kap. 175 i *Den særskilde saga om Olav den heilage: sva sem hann hefir sialfr ritat í sínum bocvm...*¹⁹ Dette kan sjå ut som ei innbyrdes motsetning. Dersom Snorri kjende meir enn eitt verk etter Ari, kan det ved første augnekast verke påfallande at han uttrykker seg som han gjer i prologen til *Heimskringla* og i prologen til *Den særskilde saga om Olav den heilage*. Forklaringa kunne vere at det var berre eitt verk som var særleg relevant i samanhengen, men den forklaringa er heller ikkje god, for det er jo ikkje berre som kjelde til stoff om kongar Snorri omtalar Ari, men som ein stor autoritet, og i den samanhengen ville det vere rimeleg at han viste til verka hans og ikkje til eitt spesielt verk. Og det er svært sannsynleg at Snorri

må ha kjent meir enn eitt verk etter Ari. Dersom Ari har skrive *Frum-Landnáma* som mange forskarar har meint,²² er det heilt utenkjeleg at Snorri ikkje kjende til dette.

Når det gjeld tilvisinga til bøker i dei to sogene om Olav den heilage, har dette tradisjonelt vore forklart slik at det her er vist til dei to utgåvene av *Íslb*.²¹

Denne tilsynelatande inkonsekvensen mellom tilvisingane til Aris bok og Aris bøker, vil eg ta til inntekt for samlehandskrift-teorien. Der det er vist til *bók*, er det vist til eit samlehandskrift. Der det er vist til *bækr* er det vist til verk. Som eg straks skal kome attende til, vil det semantiske innhaldet i ordet *bók* i norrønt kunne brukast til å støtte opp under ein slik teori.

Ein kan så spørje seg kor sannsynleg det er at Aris verk vart samla i eit handskrift slik at den samla produksjonen hans kunne omtalast som ei bok? Etter mitt syn er dette svært sannsynleg.

Ein må hugse på at på den tida Ari skreiv sine arbeid, fanst det så vidt vi veit ikkje annan skriftleg litteratur av denne karakter, nemleg verdsleg litteratur om heimlege/historiske emne på norrønt mál. Kva ville eigentleg vere meir naturleg enn at Aris ulike verk vart samla i eitt handskrift? At i alle høve *Íslb* og *Kæ* var svært kortfatta verk, gjer ikkje denne teorien mindre sannsynleg. Men bortsett frå det sannsynlege i at litteratur av liknande karakter og av same forfattar vart samla i eit handskrift – særleg sidan dette truleg var alt som fanst av slik litteratur i samfunnet – finst det også andre argument for at den bevarte *Íslb* opphavleg har stått som del av eit handskrift som har innehalde heile Aris forfattarskap.

Som alt nemnt talar Snorri om *ei* bok av Ari i prologen til *Heimskringla* og i prologen til *Den særskilde saga om Olav den heilage*, medan det i båe sogene ein stad er vist til Aris *bøker*. Denne tilsynelatande inkonsekvensen let seg forklare på ein annan måte enn at det den siste staden er vist til dei to utgåvene av *Íslb*, som er den vanlegaste forklaringa. Ordet *bók* i norrønt har nemleg fleire tydingar. Det semantiske innhaldet i *bók* kan tilsvare det latinske *liber* og tyde 'verk' (eller 'del av verk'), men ein skal vere klar over at den vanlegaste tydinga av ordet *bók* i norrønt ikkje tilsvarar det latinske *liber*, men derimot *codex*, dvs. 'det som er bunde (inn) saman'.

Når Snorri i dei omtala prologane viser til *ei* bok av Ari, så ligg det sjølv sagt nær å tenkje på *Íslb*, sidan dette verket har ordet *-bók* i tittelen. Men den vanlegaste tydinga av ordet *bók* i norrønt kunne like gjerne tale for at Snorri har ein *codex* i tankane, eit samlehandskrift som har innehalde den samla produksjonen til Ari. Om det var dette Snorri hadde i tankane, ville det høve godt i samanhengen. Då slepp ein nemleg å rekne med at Snorri i prologen til *Heimskringla* og i prologen til *Den særskilde saga om Olav den*

heilage berre viser til eitt verk av Ari samstundes som han høgst sannsynleg må kjenne fleire. Og det vert heller ingen inkonsekvens mellom tilvisinga til Aris bok og Aris bøker. Der ein har tilvising til *ei* bok, kan det vere tenkt på ein codex, der ein har tilvisinga til bøker, kan det vere tenkt på fleire ulike verk.

Det er også sider ved den overleverte *Íslendingabók* som kan tyde på at verket har fått si endelege utforming med tanke på å stå først i eit handskrift som også skulle innehalde *Æt* og *Kæ*. Denne planen kunne m.a. forklare kvifor Ari i det heile nemner *Æt* og *Kæ* i prologen til *Íslb*. Om *fyr utan* skulle tyde: dessutan – så fanst det eigentleg ikkje nokon sterk grunn for Ari til å nemne *Æt* og *Kæ* i prologen til *Íslb* om denne vart sett heilt isolert. Eit heilt anna forhold vert det om Ari skreiv prologen til *Íslb* med tanke på at verket skulle stå først i eit handskrift som også inneheldt *Æt* og *Kæ*. Då ville nemleg prologen og innleiingskapittela til *Íslb* også kome til å fungere som ei innleiing til heile handskriftet; og er dette tilfellet, så er det heilt naturleg at Ari i prologen gjev den opplysninga at *Æt* og *Kæ* er skrivne i samband med at han utformar den endelege utgåva av *Íslb*.

Det finst også eit par korte avsnitt i *Íslb* som etter mitt syn betre forsvavar sin plass om ein ser på *Íslb* som del av ein større plan. Det eine av desse avsnitta er opprekninga av Harald Hårfagres ætt, som står mellom prologen og innholdslista. Den funksjonen dette avsnittet har, er ikkje utan vidare innlysande om ein ser det i samanheng med den teksten som står innanfor dei 10 kapittele i *Íslb*.²² Sjølve plasseringa av dette avsnittet er merkeleg. Og eg kan gjerne vere samd med dei som ser dette som eit tillegg; men etter mitt syn er det eigentleg ikkje eit tillegg til sjølve *Íslb*. Avsnittet kan Ari ha sett inn då han skreiv andre utgåva av *Íslb* som var tenkt som del av ein større heilskap, og med tanke på å knyte *Íslb* saman med seinare delar av handskriftet. Den eigentlege *Íslb* endar med orda: *Hér lýksk sjá bók*, siste setninga i kap. 10. Korleis eg ser på den teksten som følgjer etter, skal eg snart kome attende til. Opprekninga av kongeslekta kan sjølvsagt tene til å plassere kong Harald Hårfagre, som vert nemnd i byrjinga av 1. kapitlet, men kan neppe seiast å vere naudsynleg av denne grunnen. Denne opprekninga av kongeætta tener kanskje først og fremst til å vise sambandet mellom Aris eiga ætt og det norske kongehuset. I opprekninga av *langfeðga Ynglinga ok Breiðfirðinga* etter siste kap. i *Íslb* går det fram at den norske kongeætta og Ari hadde felles forfedrar. Har Ari sett inn opprekninga av den norske kongeætta i prologen med tanke på å vise sambandet med si eiga ætt, har han altså sett inn eit avsnitt i *Íslb* med tanke på noko han ville skrive etter at det var sett punktum for den eigentlege *Íslb*, og kanskje er dette avsnittet sett inn ikkje berre med tanke på Aris eiga ættetavle, men også med tanke på å knyte eit samband til *Kæ*.

Også opprekninga av landnámsmennene i kap. 2 er eit avsnitt som eg synest fell betre på plass om ein tenkjer seg at *Íslb* fekk si endelege utforming som del av ein større samanheng der også *Æt* (og *Kæ*) inngjekk. Som det viser seg i opprekninga av *kyn byskupa Íslendinga* etter siste kapittel i *Íslb*, er dei tre landnámsmennene og den eine landnámskvinna som er nemnde som representantar for kvar sin fjerding i landet, alle stamfedrar – eller stammor – til bispane. Det kan sjølvsgatt vere den viktigaste grunnen til at ein har denne opprekninga av landnámsmennene og at nettopp desse er valde. Dermed får alle fjerdingane i landet del i den æra som knytte seg til bispane og bispestolane. Det kan neppe vere tvil om at då Ari skreiv avsnittet om landnámsmennene i kap. 2, visste han at han ville ta utgangspunktet i dei same personane i bispane sine ættelister, altså i ein tekst som stod etter den eigentlege *Íslb*. Som eg skal kome attende til, ser eg på teksten etter kap. 10 som ein tekst som ikkje har stått i den første *Íslb*. Dette vil seie at eg også ser på opprekninga av landnámsmennene i kap. 2 som ein ny del i den andre utgåva av *Íslb*, og ikkje som ein rest frå *ættar tala* i den første *Íslb*, som er det vanlege synet.²³

Dessutan er det verdt å leggje merke til at opprekninga av landnámsmennene i kap. 2 følgjer eit prinsipp som seinare er velkjent frå *Landnáma*-redaksjonane: opprekninga går fjerdingsvis medsøles kring landet. Opprekninga her byrjar med aust og sluttar med nord. Dette ser ut til å vere eit prinsipp som er følgt i *Íslb*. Den same rekkefølgja møter vi nemleg i kap. 10 der talet på bønder i kvar fjerding er rekna opp. Når vi har ei anna rekkefølgje i *kyn byskupa Íslendinga*, så er det ikkje eit brot på dette prinsippet. Der har Ari nemleg følgt eit kronologisk prinsipp, han reknar opp ætta til dei første bispane først. Ingen av dei bevarte *Landnáma*-redaksjonane byrjar opprekninga i austfirdingafjerdingen og endar i nordlendingafjerdingen, som er det prinsippet Ari ser ut til å følgje i *Íslb*. Av dei bevarte *Landnáma*-redaksjonane byrjar *Sturlubók* (*S*), frå siste halvdel av 1200-talet, og *Hauksbók* (*H*), frå første tredjedel av 1300-talet, med landnámet til Ingólfr Arnarson i Reykjavík og held derfrå fram medsøles kring landet slik at landnámet i sørlendingafjerdingen vert delt i to. Men som Jón Jóhannesson har vist,²⁴ er denne ordninga av stoffet ikkje opphavleg. *Melabók* (*M*), frå ca 1300 eller frå tidleg på 1300-talet, som slik som *S* og *H* også byggjer på den bortkomne *Stymisbók* (*Sty*) frå tidleg på 1200-talet, byrjar opprekninga av landnámet lengst aust i sørlendingafjerdingen. *M* finst det berre bevart eit par blad av. Men også ein av dei unge *Landnáma*-redaksjonane, *Pórðarbók* (*P*) frå 1600-talet, har denne ordninga av stoffet. *P* er i det vesentlege ei avskrift av ein annan 1600-tals *Landnáma*-redaksjon, *Skarðsárabók* (*Sk*), som igjen er ei samanstøyping av *S* og *H*. Men skrivaren av *P* har også nytta *M*.

Jón Jóhannesson drog den slutninga av granskingane sine at den ukjende redaksjonen som både *M* og *S/H* bygde på, *Sty*, hadde hatt den same ordninga av stoffet som *M*, altså byrja oversikta over landnåmet lengst aust i sørlendingafjerdingen. Den nye redaksjonen som byrja oversikta over landnåmet med landnåmet til Ingólf Arnarson, var ei endring som *Sturla* hadde gjort i samband med at han laga ein prolog til *Landnåma* der nettopp oppdaginga av Island og landnåmet til den første landnåmsmannen var ein sentral del av innhaldet.

Eg finn argumenta for dette synet overtydande; men om *Sty* har byrja oversikta over landnåmet lengst aust i sørlendingafjerdingen, er eg ikkje overtydd om at dette er den *opphavlege* redaksjonen. Det er ikkje høve til å gå inn på dette svært innfløkte spørsmålet her, men eg vil likevel nemne at i stoff som *Landnåma*-redaksjonane har felles og som dermed skulle kunne først tilbake til *Sty*, finst det uttrykk og framstillingar som *kan* peike mot ei endå eldre redigering av stoffet, nemleg ei redigering som har byrja med austfirdingafjerdingen. Eg skal kort nemne eit par av desse:

Innleiingsvis i bolken om landnåmet i austfirdingafjerdingen har *S* og *P* nokre setningar om at det no skal forteljast om landnåmet frå nord til sør mot grensa for sørlendingafjerdingen.²⁵ Det vert altså gjort greie for kva veg ein skal rekne opp landnåmet kring landet. Dersom austfirdingafjerdingen – då denne formuleringa vart laga – var den siste fjerdingen det skulle forteljast om, var dette ei fullstendig overflødig opplysning. *H* har også sleppt denne opplysninga. Opplysninga om korleis stoffet var ordna, kunne derimot vere ei relevant opplysning dersom dette var den første fjerdingen det skulle forteljast om. Og dette er vel å merke ikkje ei standardformulering som går att ved innleiinga til kvar fjerding, kva veg landnåmet skal reknast opp, vert fortalt berre ved innleiinga til austfirdingafjerdingen.

I innleiinga til sørlendingafjerdingen har *H* ei opplysning om at Austlandet vart først bygt, men området mellom Hornafjörður og Reykjanes dvs. sør delen av austfirdingafjerdingen og det vesentlege av Sørlandet) vart seint bygt.²⁶ *M* har etter alt å dømme hatt opplysninga i avslutninga av det som vert sagt om austfirdingafjerdingen, for *P* har opplysninga på denne staden (der skriv *P* av *M*), og like eins har *P* opplysninga ved innleiinga til sørlendingafjerdingen, der *P* skriv av *Sk* (og *Sk* har opplysninga frå *H*). Dette er altså ei opplysning som ser ut til å kunne først attende til *Sty*, sidan ho har funnest både i *M* og *H*.

Men opplysninga om at Austlandet vart først bygt, har eigentleg ikkje noko å gjere i innleiinga til sørlendingafjerdingen dersom det ikkje er fortalt noko om austfirdingafjerdingen først. Og opplysninga, som også seier at sørlendingafjerdingen vart sist bygt, er ikkje mykje betre plassert som avslut-

ning på det som vert fortalt om austfirdingafjerdingen, dersom ikkje opprekninga av landnåmet i sørlendingafjerdingen skal følgje etter. Plasseringa av opplysninga let seg likevel betre forsvare i avslutninga til austfirdingafjerdingen enn i innleiinga til sørlendingafjerdingen om opprekninga av landnåmet har enda med austfirdingafjerdingen; opplysninga kunne då oppfattast som ei oppsummering. Men opplysninga ville vere best plassert i eit overgangsavsnitt mellom austfirdingafjerdingen og sørlendingafjerdingen. Eit slikt overgangsavsnitt kan ikkje ha funnest om opprekninga av landnåmet byrja lengst aust i sørlendingafjerdingen.

Dette er to tekstavsniitt i *Landnáma*-materialet som har gjeve meg ein sterk mistanke – og førebels vil eg ikkje nytte sterkare uttrykk enn mistanke – om at den opphavlege opprekninga av landnåmet har byrja med austfirdingafjerdingen, og altså følgt same prinsipp som det Ari følgjer i *Íslb*. Dette er eit godt prinsipp, for det fører med seg at bispedøma ikkje vert delte. Skal ein unngå å dele opp bispedøma, må opprekninga kring landet byrje med Austlandet eller Nordlandet. Byrja ein opprekninga i austfirdingafjerdingen, ville ein rekne opp landnåmet i Skálholts-bispedømet før landnåmet i Hólar-bispedømet. Sidan Skálholts-bispedømet vart sett som det viktigaste, var dette den mest naturlege staden å byrja opprekninga.

I tillegg til *Íslb* finst det også eit anna dokument frå same tid som følgjer det prinsippet for opprekningar kring landet at det byrjar med austfirdingafjerdingen. Dette er ei liste over islandske prestar frå året 1143.²⁷ Ein seinare skrivar (ikkje seinare enn ca. 1250) har sett til ei overskrift og eit etterord som fører denne lista tilbake til Ari. Denne lista reknar opp 10 prestar frå kvar fjerding, og byrjar med austfirdingafjerdingen. At to arbeid som kan førast attende til Ari – prestelista kanskje ikkje med 100% visse, men ho er i alle høve frå Aris tid og frå hans miljø – byrjar opprekninga kring landet med austfirdingafjerdingen, er eit ganske sterkt indisium på at også den første *Landnámabók*, spesielt dersom Ari var forfattaren, må ha følgt dette mønsteret sidan det ser ut til å vere eit hevdvunne prinsipp i samtida.

Grunnen til at denne redigeringa av stoffet vart endra – kanskje av Styrmir – er ikkje så godt å seie noko om. Sørlendingafjerdingen vart vel sett på som den viktigaste fjerdingen. Det kunne vere ein grunn.²⁸ Men ein meir praktisk og nærliggjande grunn kunne vere at for landnåmet i austfirdingafjerdingen fanst det fleire skriftlege kjelder.²⁹ Styrmir – eller den som har gjort endringa – har funne at dette var ein kompliserande faktor, og først gjort frå seg dei tre fjerdingane der han hadde Aris framstilling av landnåmet som einaste førelegg.

Opprekninga av landnåmsmennene i kap. 2 i *Íslb* har Ari sett inn vesentleg på grunn av avsnittet etter siste kapittel om ætta til bispane. Men det kan også

vere freistande å sjå avsnittet om landnåmsmennene i *Íslb* som eit avsnitt som skal knyte saman *Íslb* og *Æt*. Indisium som peikar mot at opprekninga av landnåmet i det aller eldste og tapte laget av *Landnáma*-redaksjonane har følgt same prinsippet for opprekninga av landnåmet som Ari i *Íslb* og byrja med austfirdingafjerdings, vil sjølvsagt vere ei støtte for den gamle teorien om at Ari skreiv *Frum-Landnáma*. Det ville jo vere merkeleg om Ari skulle følgje ulike prinsipp for redigeringa av stoffet i to verk. Og om same prinsippet for opprekninga av landnåmet kring landet er følgt i båe verka, er det eit forhold som i alle høve ikkje vil svekke den teorien at opprekninga av landnåmsmennene i kap. 2 av *Íslb* er sett inn også for å knyte *Íslb* saman med *Æt*, og altså binde saman to verk som har stått som delar av ein større heilskap.

Også den merkeleg utflytande slutten på *Íslb* – eller rettare sagt på handskrifta med *Íslb* – meiner eg kan støtte teorien om at den bevarte *Íslb*, som vi har verket, har fått si endelege utforming med den planen for augo at *Íslb* skulle stå først i eit handskrift som også skulle innehalde *Æt* og *Kæ*.

Dei to avsnitta som står etter kap. 10 i *Íslb*, ser eg som eit overgangsavsnitt/ein skøyt mellom *Íslb* og *Æt*. Det kunne vere naturleg for Ari før han gjekk over til ei meir systematisk opprekning av ætter, å skrive noko om ætta til bispane og si eiga ætt.

Også overskrifta over det første av desse avsnitta: *Petta es kyn byskupa Íslendinga ok ættartala*³⁰ er interessant. Ordet *ættartala* kan vere ein sidestilt lekk til *kyn*, men treng ikkje vere det. Dette *kan* vere meint som ei slags hovudoverskrift der *ættartala* går på alt som har følgt etter i denne andre delen av handskriftet – dvs. det som ikkje lenger er her.

Denne skøyten – overgangen – som eg trur dei to avsnitta er, har hatt om lag like stor tilknytning både til den teksten som gjekk føre og til den som følgde etter, særleg opprekninga av ætta til bispane har nøye tilknytning til *Íslb*, som eigentleg er ei slags bispestolskrønike. Når Aris ulike verk seinare vart splitta, anten ved at berre delar av det vart skrive av samla, eller ved at eit gamalt handskrift bokstaveleg talt vart delt, har desse overgangsavsnitta kome til å følgje *Íslb* på grunn av den innhaldsmessige tilknytninga til dette verket.

Også i den nyskrivne innleiinga Sturla gjev si *Landnámabók*, ser eg eit indisium på at *Íslb* og *Landnáma* frå opphavet av høyrde saman og utgjorde ein heilskap. (Som tidlegare sagt, sjå note 20, ser eg på Aris *Æt* som grunnstammen til det som vart *Landnámabók*.)

I *Sturlubók* – og i seinare avskrifter av den – er *Landnámabók* forsynt med ei innleiing eller prolog. Og eit spørsmål ein bør stille seg er: Kvifor har Sturla funne det naudsynleg å forsyne si utgåve av *Landnámabók* med ei nyskriven innleiing? Dette er eit særleg relevant spørsmål fordi denne innlei-

inga – som vi har sett – fekk konsekvensar for ordninga av stoffet. Fordi Sturla i innleiinga skreiv om landnámet til Ingólfr Árnarson, vart det naturleg å halde fram med landnámet frá Reykjavík og nordover, såleis vart opprekninga av landnámet i sørlendingafjerdingen delt i to. Ein skulle tru at Sturla ikkje ville lage ei slik kompliserande innleiing om han ikkje av ein eller annan grunn fann det heilt naudsynleg.

Som ei innleiing til *Landnámabók* er det sjølv sagt svært naturleg å fortelje om oppdaginga av Island og det første landnámet, men ein kan ikkje finne spor etter ei slik innleiing i dei eldste *Landnáma*-redaksjonane. Grunnen til at denne – ein kunne nesten seie einaste naturlege – innleiinga vantar, er etter mitt syn heilt innlysande. *Frum-Landnáma/Æt* hadde ikkje bruk for noka innleiinga av denne typen fordi ho hadde fått ei endeleg utforming som del av eit handskrift som hadde *Íslb* som første del. Landnámet og dei første landnámsmennene hadde Ari fortalt om innleiingsvis i *Íslb*, det var difor uturvande å gjenta dette stoffet som innleiing til *Æt*. Første kapittel i *Íslb* kunne fungere som innleiing også til *Æt (Landnáma)*. Det var først når *Æt/Landnáma* ikkje lenger stod etter kvarandre i same handskrift, at behovet for ei innleiing til *Landnámabók* melde seg.

Svaret på spørsmålet: Kvifor fann Sturla det naudsynleg å skrive ei innleiing til *Landnámabók*, kan vere at han syntes han måtte gie verket denne innleiinga for å prøve å erstatte den funksjon 1. kap. av *Íslb* kunne fylle så lenge dei to arbeida stod samla i same handskrift.³¹ Eg tek her ikkje stilling til om *Íslb* og *Æt/Landnáma* vert skilde frå kvarandre først av Sturla, eller om det har skjedd tidlegare. Men i alle høve meiner eg Sturlas nyskrivne innleiing til *Landnámabók* ved sitt eige innhald vitnar om at Sturla veit at det nettopp er *Íslb* som skal erstattast. 1. kap. av *Íslb* har nemleg i høg grad gjeve stoff til denne nye innleiinga, fleire setningar er så godt som ordrett tekne opp i Sturlas innleiing til *Landnámabók* frå 1. kap. i *Íslb*.

Etter desse argumenta for at den bevarte *Íslb* er skriven som del av ein større heilskap, og for å setjast først i ein codex som også skulle innehalde *Æt* og *Kæ*, er det kanskje også mogeleg å sjå overskrifta til innhaldslista før kap. 1 i *Íslb* i eit nytt lys. Denne overskrifta lyder: *In hoc codice continentur capitula*.³² Dersom forfattaren berre har hatt *Íslb* i tankane, er bruken av ordet codex etter mitt syn verdt å stoppe opp ved. Ordet codex vart jo brukt som ei nemning om alt det som var bunde inn saman, i praksis alt det som fanst mellom to permar. Sjølv sagt kunne dei få blada som *Íslb* utgier, bindast åleine, og *Íslb* vart då ein codex. I avhandlinga *Are frode...* diskuterer Eva Hagnell bruken av ordet codex i denne samanhengen.³³ Ho dreg den konklusjonen at sidan ordet codex er brukt, og ikkje liber, kan den bevarte *Íslb* ikkje ha innehalde prologen. Den må Ari ha sett til seinare. For sidan det med

«termen codex avses allt innehåll mellan tvenne pärmar»,³⁴ kan codexen opphavleg ikkje ha innehalde noko anna enn det som står i innhaldslista under overskrifta: *In hoc codice...* Denne konklusjonen er vel noko tvilsam sjølv om codex her berre skulle gå på *Íslb*; men på bakgrunn av dei argumenta eg har lagt fram for samlehandskrift-teorien, vil eg hevde at det er svært rimeleg at codex i denne overskrifta går på meir enn det som er nemnt i innhaldslista under. Overskrifta til innhaldslista over *Íslb* vil eg nemleg sjå i samanheng med det Ari like før har sagt i prologen. Der gjer han greie for at den *Íslb* han her legg fram, ikkje er heilt identisk med den han viste bispane og Sæmundr fróði. På denne bakgrunn vil eg legge følgjande innhald i overskrifta: *In hoc codice continentur capitula – i denne codex har Íslb følgjande kapittel.* Underforstått er at kapittelinnendinga var annleis i den første utgåva av *Íslb*. Innhaldet i codexen vert då ikkje identisk med innhaldslista for *Íslb*; valet av ordet codex i staden for liber kan tvert imot verte eit indisium på at den som laga denne overskrifta – eg går ut frå at det var Ari sjølv – visste at *Íslb* skulle stå som del av ein codex.

Eg byrja argumentasjonen for at *Æt* og *Kæ* ikkje var med i den første *Íslb*, at dette var sjølvstendige verk, og at *Íslb* og desse verka opphavleg hadde stått i eit samlehandskrift, med å reflektere over tittelen *Íslendingabók*. Eg vil slutte argumentasjonsrekka med nokre refleksjonar over den andre tittelen som *Íslb* ber i dei to bevarte handskrifa av verket: *Schedæ Ara prests fróða* (i handskrifa: *froda*).³⁵ Denne overskrifta vil eg òg setje i samband med det synet eg har hevda, at den bevarte *Íslb* (+ etterfølgjande tekst) ein gong var del av eit handskrift som inneheldt heile Aris forfattarskap.

Den bevarte *Íslb* ber overskrifta *Schedæ Ara prests fróða*. *Schedæ* tyder 'blad'. Denne overskrifta er ikkje opphavleg. Ari sjølv ville ikkje ha kalla seg *hinn fróði*. Men på kva tidspunkt denne overskrifta har kome inn, har vore omdiskutert. Árni Magnússon meinte at det var skrivaren av dei to bevarte handskrifa av *Íslb*, Jón Erlendsson, som sjølv hadde sett til overskrifta,³⁶ dvs. at overskrifta er frå 1651. Seinare har også Eva Hagnell argumentert for at denne overskrifta har kome inn først i dei bevarte handskrifa.³⁷

Men det er og dei som har meint at overskrifta er eldre. Halldór Hermannsson meinte at overskrifta hadde stått i førelegget til Jón Erlendsson frå ca. 1200, og at skrivaren av dette førelegget hadde laga denne overskrifta: *Schedæ* 'blad' fordi delar av hans førelegg – etter Halldór Hermanssons teori – berre hadde funnest som lause blad. Dette galdt stamtavlene i *Íslb*, nemleg stamtavla til den norske kongeætta, stamtavla til bispane og stamtavla til Ari sjølv, som han altså såg som seinare tillegg til *Íslb*.³⁸

Eg vil gjerne peike på ei anna mogleg forklaring på at overskrifta med ordet *Schedæ* 'blad' kunne kome inn på eit relativt tidleg tidspunkt i

handskriftstemmaet.³⁹ Om *Íslb*, *Æt* og *Kæ* frá Aris tid fanst samla i eitt handskrift, og dei to siste delane etter kvart som *Landnåma*-redaksjonane vart utvida og litteraturen om kongar voks, vart lite aktuelle, var det berre første delen av dei gamle handskrifa med heile Aris produksjon som det ville vere aktuelt å ta avskrifter av. I ein slik situasjon kunne det svært lett skje at berre den første delen av handskriftet, *Íslb*, vart teke vare på. Dei to siste delane av handskriftet kunne verte øydelagde, nytta til innbinding eller liknande.

Ordet *Schedæ* kan vise at *Íslb*, fordi ho var berre ein del av eit gamalt handskrift som var teke frå kvarandre, bokstaveleg talt har vorte blad; eller den som har laga overskrifta, ein skrivar eller eigar av handskriftet, kan ha vilja ynskje å markere at det berre var ein del – *schedæ* – av *Ara prests fróða* forfattarskap han skreiv av eller åtte, ikkje heile handskriftet med dei samla verka hans. Ordet *schedæ* kan altså etter mitt syn vere eitt av mange indisium på at *Íslb* har stått som del av eit større handskrift.

Den forklaringa som her er gjeven på at ordet *schedæ* på eit eller anna tidspunkt kom inn som overskrift på *Íslb*, er i alle høve ei enkel forklaring; og samlehandskrift-teorien kan i det heile gje enkle løysingar på fleire spørsmål som har stått sentralt i debatten om *Íslb*.

1. Bibliografiar over forskning om *Íslb* finst i *Islandica* I, XXIV og XXXVIII. Avhandlingar om *Íslb* eller arbeid som gjev fylldig omtale av *Íslb* med tilvising til eldre litteratur og diskusjon av synspunkta til tidlegare forskarar, finst i: Eva Hagnell: *Are frode och hans författarskap*, Lund 1938; Einar Arnórsson: *Ari fróði*, Reykjavík 1942; Björn Sigfússon: *Um Íslendingabók*, Reykjavík 1944; G. Turville-Petre: *Origins of Icelandic literature*, Oxford 1952; Svend Ellehøj: *Studier over den ældste norrøne historieskrivning (Bibliotheca Arnarnagæana 26)*, København 1964; Jakob Benediktsson: Innleiinga til *Íslendingabók* i *Íslenzk fornrit* I, Reykjavík 1968. Ólafía Einarsdóttir behandlar Aris tidsrekning i *Studier i kronologisk metode i tidlig islandsk historieskrivning*, Lund 1964.
2. Når eg i det følgjande skriv *Ættar tala* og *Konunga ævi* med stor bokstav, så er det for å markere at eg ser på det som løyner seg bak desse namna som sjølvstendige verk og ikkje som delar av den eine eller andre utgåva av *Íslb*.
3. Teksten er sitert etter *Íslendingabók* i serien *Íslenzk fornrit*, Reykjavík 1968, s. 3.
4. *Árni Magnússon's Levned og Skrifter* II, udg. af Kommissionen for det Arnarnagæanske Legat, København 1930, s. 1. Seinare har også nokre få andre forskarar tolka *fyr útan* på same måten, men med den skilnaden at dei har sett på *ættar tala* og *konunga ævi* som delar av andre utgåva av *Íslb*. Dette synet møter ein hjá Engelstofu i *Universitets- og Skole-Annaler* 1808: 1–2, København 1808; Johan Schreiner: «Saga og oldfunn» i *Skrifter utgitt av Det norske Videnskapsakademi i Oslo*, 1927. Også dei to islandske forskarane Jón Sigurðsson og Jón Þorkelsson skal ha tolka *fyr útan* på same måten. Möbius viser til den første av desse forskarane i innleiinga til si utgåve av *Íslb*, 1869, s. XIII f; Maurer viser til Jón Þorkelsson i *Germania* 1870. Det skal her nemnast at Björn Sigfússon tillegg Árni Magnússon same syn som dei fire forskarane som er nemnde ovanfor (*Um Íslendingabók*, s. 11), som støtte for denne oppfatninga viser han til *Levned og Skrifter* II, s. 85–88. Også Johan Schreiner viste til Árni Magnússon som støtte for sitt syn, men Eva Hagnell avviser hans oppfatning av Árni Magnússon's syn. Sjå også Eva Hagnell: *Are frode ...*, s. 4ff og Svend Ellehøj: *Studier ...*, s. 30ff.

5. *Levned og skrifter* II s. 1. Sjå også Svend Ellehøj: *Studier ...*, s. 30f. og Eva Hagnell: *Are frode ...*, s. 64.
6. *Íslendingabók*, Reykjavík 1968, s. 3.
7. *Íslendingabók*, Reykjavík 1968, s. 3.
8. Oversikt over eldre forskarar som har gått mot Árni Magnússons syn og argumentasjonen deira for dette finn ein i Eva Hagnell: *Are frode ...*, s. 12–14 og s. 89–102, og i Svend Ellehøj: *Studier ...*, s. 30ff. Desse to forskarane er også sjølve av den oppfatning at den vanlegaste tolkinga av *fyr útan* er rett. Den same oppfatninga gjev også Jakob Benediktsson uttrykk for i foreordet til *Íslendingabók* i *Íslenzk fornrit* II, s. X f.
9. Teksten er sitert etter *Heimskringla*, Universitetsforlaget, Oslo 1966, s. 2, uendra opptrykk av Finnur Jónssons utgåve frå 1911.
10. *Heimskringla*, Oslo 1966, s. 2.
11. *Heimskringla*, Oslo 1966, s. 2.
12. Svend Ellehøj: *Studier ...*, s. 31.
13. Dei forskarane som er nemnde ovanfor og som meiner at *ættar tala* og *konunga ævi* først kom til i den bevarte *Íslb*, meiner sjølvsagt at tilvisinga i dei to prologane gjeld den bevarte *Íslb*.
14. Ein kan teoretisk også godt tenkje seg at Ari har skrivne desse verka tidlegare, men at dei kjem i same handskrift som *Íslb* først når *Íslb* får si endelege utforming. I *Studier i Landnámabók*, Lund 1974, hevdar Sveinbjörn Rafnsson at *Landnámabók* er eldre enn *Íslb*. At teksten til *Landnámabók/Æt* i det store og heile har fått si utforming før den bevarte *Íslb* får si form, er det også ganske logisk å tenkje seg dersom endringane i den bevarte *Íslb* i høve til den første, t.d. avsnittet om landnámsmennene i kap. 2, er sett inn m.a. for å knyte saman *Íslb* og *Æt* (*Landnámabók*).
15. Nokre forskarar har tenkt seg *konunga ævi* som spreidde avsnitt i *Íslb*, t.d. Konrad Maurer: «Über Ari Thorgilsson und sein Isländerbuch» i *Germania* XV, 1870; «Über Ari froði und seine Schriften» i *Germania* XXXVI, 1891; Johan Schreiner: «Saga og oldfunn», s. 62ff. Andre har meint at *konunga ævi* stod som avgrensa delar, t.d. Gustav Storm: *Snorre Sturlássens Historieskrivning, en kritisk undersøgelse*, København 1873, s. 13; A. Gjessing: *Undersøgelse af Kongesagaens Fremvæxt* I, Kristiania 1873, s. 2; Eva Hagnell: *Are frode...*, s. 134.
16. Johan Schreiner hevda i «Saga og oldfunn» at det aldri hadde eksistert to utgåver av *Íslb*. Den første vart aldri noko anna enn eit utkast.
17. Halldór Hermannsson: «Ari Þorgilsson froði», *Skirnir* 1948, meiner at den første utgåva av *Íslb* neppe var særleg utbreidd; men set fram som forklaring på at Snorri kjende denne utgåva, at det vart teke vare på eitt eksemplar i ætta. Og ætta til Snorri hadde på ymse måtar samband med etterkomarane til Ari.
18. *Heimskringla*, Oslo 1966, s. 369.
19. *Den store saga om Olav den hellige*, utgitt for kjeldeskriftfondet av Oscar Albert Johnsen og Jón Helgason, Oslo 1941, s. 497.
20. At Ari skreiv den første *Landnáma*, er ein gamal teori. Som alt nemnt kan denne teorien først attende til Árni Magnússon. Seinare vart teorien teken opp att av A. Gjessing: *Kongesagaens Fremvæxt* I s. 5ff. Den forskaren som i seinare tid først tok opp spørsmålet til inngåande granskning og freista å sannsynleggjere den gamle tesen om at Ari var forfattaren av den første *Landnáma*, var likevel Björn Magnússon Ólsen: *Aarbøger for nordisk Oldkyndighed* 1883 og 1885; *Timarit hins íslenzka bókmentafélags* 10, Reykjavík 1889. Mange av dei samtidige forskarane delte ikkje synet til B.M. Ólsen på dette spørsmålet, m.a. Finnur Jónsson hadde sterke motargument: *Den oldnorske og oldislandske Litteraturs Historie* II, 2. utg. København 1920–23, s. 353ff. Men etter at Jón Jóhannesson la fram sine granskingsresultat av forholdet mellom *Landnáma*-redaksjonane: *Gerðir Landnámabókar*, Reykjavík 1941, har teorien om at Ari var forfattar til den første *Landnámabók* langt på veg vore akseptert. Etter mitt syn er argumenta for at Ari er forfattar av den første *Landnámabók* like sterke som argumenta for at Snorri er forfattar til *Heimskringla*. Björn Magnússon Ólsen som såg på

- ættar tala* som del av den første *Íslb*, meinte at *ættar tala* og *Frum-Landnåma* ikkje kunne vere identiske, men at *Frum-Landnåma* kunne vere ei utviding av *ættar tala*. Om *ættar tala* som er nemnd i prologen til *Íslb*, er eit sjølvstendig verk, vert det derimot svært sannsynleg at dei to er identiske.
21. Såleis Finnur Jónsson: *Litt.Hist.* II (2.utg.) s. 349; Jakob Benediktsson: føreordet til *Íslenzk fornrit* II, s. XI note. Einar Ól. Sveinsson held det for ei rimeleg løysing at det er vist til dei to utgåvene av *Íslb*, men vil ikkje sjå bort frå at det kan vere vist til eit anna verk «Á ártið Ara fróða», *Skírnir* 1948, s. 35. Problemet er inngåande drøfta av Eva Hagnell: *Are frode ...*, s. 125 og s. 137ff. Ho meiner det er vist til dei to utgåvene av *Íslb*, og argumenterer mot den tolkinga Schreiner hadde gjeve av denne staden. Han tok tilvisinga til bøker til inntekt for sin teori om at Ari hadde skrive ei heller utførleg søge om dei norske kongane («Saga og oldfunn»). Også B.M. Ólsen hadde vore inne på liknande tankar som Schreiner (*Aarbøger* 1893 s. 233).
 22. Dette tekstavsnittet har dels vore sett på som ein rest av *konunga ævi* i den første *Íslb*, dels som eit seinare innskot i den siste – men då gjerne teke frå den første *Íslb*. Om dei ulike syna på dette spørsmålet sjå Eva Hagnell: *Are frode ...*, s. 17ff og s. 76ff. Finnur Jónsson meinte i motsetning til dei fleste at avsnittet var velplassert, og hadde som funksjon å gjere greie for ætta til Harald Hårfagre, den kongen som var årsak til at Island vart folkesett: føreord til *Íslendingabók*, 1887 og 1930.
 23. Teksten etter kap 10 – dels også genealogiane i kap. 2 har dei fleste forskarar sett på som restar av *ættar tala* i den første *Íslb*, men nokre har meint at dei aktuelle avsnitta kom med i den andre utgåva av *Íslb* frå byrjinga av, andre har meint at dette er seinare innskot. Om ulike syn på dette spørsmålet sjå Eva Hagnell: *Are frode ...*, s. 82ff.; Svend Ellehøj: *Studier ...*, s. 35f. Jmfør note 38.
 24. Jón Jóhannesson: *Gerðir Landnámabókar*, Reykjavík 1941, s. 68ff og s. 224.
 25. S 263: Þessir menn hafa land numit í Austfirðingafjórðungi, er nú munu upp talðir, ok ferr hvat af hendi norðan til fjórðungamóts frá Langanesi á Sólheimasand, ok er þat søgn manna, at þessi fjórðungr hafi fyrst albyggðr orðit.
Þ har: [...] ok segir hvat af hendi frá Langanesi suðr til fjórðungamóts (*Landnámabók*, Reykjavík 1968, s. 288.)
 26. H 294: Austfirðir byggðusk fyrst á Íslandi, en á millim Hornafjarðar ok Reykjaness varð seinst albyggð; ...
Þ har: Austfirðingafjórðungr byggðisk fyrst á Íslandi nær allr, en á millum Hornafjarðar ok Reykjaness varð þó seinast albyggð;... (*Landnámabók*, Reykjavík 1968, s. 336 og 337.) S har opplysninga om at Austlandet vart først bygt ved innleiinga til austfirðingafjórðingun. (Sjå note 25.)
 27. Denne prestelista stár i handskrift nr. 1812 4^m (Gamle kgl. Samling), og er prenta i *Diplomatarium Islandicum* bind 1, s. 180ff.
 28. Formuleringar í *Landnåma*-redaksjonane, som ein går ut frá skriv seg frá Styrmir, gjev uttrykk for eit slik syn:
H. 294: Hér hefr landnám í Sunnlendingafjórðungi, er beztr er landskostr á öllu Íslandi ok ágætastir menn hafa byggt, bæði lærðir ok ólærðir.
S 336: Hér hefjask upp landnám í Sunnlendingafjórðungi, er með mestum blóma er alls Íslands fyrir landskosta sakir ok hofðingja þeira, er þar hafa byggt, bæði lærðir ok ólærðir.
M 1: Hér hefjask upp landnám í Sunnlendingafjórðungi, er nú má þykja með mestum blóma ok umveizt til virðingar alls várs lands fyrir guðs gæzlu ok hinu æztu hofðingja, er nú gæta með honum þessarar landsbyggðar ok í þeim fjórðungi byggja.
(*Landnámabók*, Reykjavík 1968, s. 337 og 338.)
 29. I etterskrift til *Hauksbók* der Haukr nemner Ari som den første forfattar til *Landnåma*, nemner han også ein Kolskeggr hinn vitri som ein som har skrive om landnám. Det har vore diskutert om denne Kolskeggr verkeleg har skrive om landnám, eller om han har vore ein av Aris heimelsmenn for landnåmet i austfirðingafjórðingun. I *Gerðir Landnámabókar*, s. 68 og

- s. 206ff. gjev Jón Jóhannesson gode argument for at Kolskeggr er forfattar av landnáma-litteratur og ikkje berre ein heimelsmann.
30. *Íslendingabók*, Reykjavík 1968, s. 26.
 31. Ein har lenge vore klar over at Sturla skreiv si *Landnámabók* som del av ein større plan. Han hadde i tankane á gje ei samla framstilling av Íslands historie (Sjá Jón Jóhannesson: *Gerðir Landnámabókar*, s. 69ff.) Dette kan også forklare at Sturla utstyrer si *Landnámabók* med ei nyskriven innleiing som fortel om den eldste historia til landet.
 32. *Íslendingabók*, Reykjavík 1968, s. 4.
 33. Eva Hagnell: *Are frode ...*, s. 79ff.
 34. Eva Hagnell: *Are frode ...*, s. 80.
 35. *Íslendingabók*, Reykjavík 1968, s. 3, note.
 36. *Levned og Skrifter*, II, s. 21.
 37. Eva Hagnell: *Are frode ...*, s. 64ff.
 38. Halldór Hermannsson: *Íslendica XX*, s. 41; *Skirnir CXXII*, s. 20ff.
 39. Det nøyaktige tidspunktet for når overskrifta kom inn, tek eg ikkje stilling til. Skrivemåtane i overskrifta, som på eit par punkt skil seg frå skrivemåtane i teksten til *Íslb*, er etter mitt syn lite eigna som grunnlag for tidfesting. Skrivemåten *prests*, mot *prestz* i teksten elles, kan for så vidt vere så gamal som frå 1100-talet. Skrivemåten *froda* med *d* kan derimot neppe vere eldre enn frå ca. 1350. Når denne unge skrivemåten i overskrifta neppe kan gje ei bakre grense for når overskrifta vart laga, er det fordi ein skrivar ikkje ville kjenne seg særleg burden av skrivemåten i ei overskrift, spesielt ikkje av skrivemåten til eit kjent namn, som vi har i dette tilfellet.